

RETNINGSLINJER FOR AKTIVITETSMIDLAR

1. Føremålet med tilskotsordninga er å stimulera til aktivitet og arrangement i Bømlo kommune.
2. Aktivitetar for barn og unge skal prioriterast, men dette ekskluderer ikkje tilbod til andre aldersgrupper.
3. Støtnadsordninga skal gjerast kjent med utlysing i lokalavisa, på Bømlo kommune sine heimesider og i sosiale media. Midlane skal lysast ut to gonger i året med søknadsfrist 01.04 og 01.10.
4. Tilskot blir ikkje gitt til ordinær drift, men til oppstart eller gjennomføring av konkrete prosjekt, aktivitetar eller arrangement.
5. I hovudsak skal tilskotet utbetalast til lag og organisasjonar. Unntak kan gjerast i høve der det er kunstnarar som søker om stønad til prosjekt. I slike høve er det kun utvalet som kan gje støtte.
6. Eit lag kan søkja om tilskot til fleire aktivitetar, men ein kan berre søkje om midlar ein gong pr. arrangement.
7. Ein kan søkje på førehand eller etterskotsvis.
8. Det må leggjast ved budsjett/rekneskap med søknaden.
9. Som hovudregel blir tilskot utbetalt etter at arrangementet/aktiviteten er gjennomført.
10. For tilskot over kr 5000, er det krav om rapportering for bruk av tilskotet på fastsatt mal.

Retningslinjene gjeld frå 08.06.2017, og erstattar tidlegare vedtekne retningslinjer.